

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 6. april 2022

Stad: Seminarrom 217, HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Ingunn Lunde, Lene M. Johannessen og Martin Paulsen.

Frå gruppe B: Runa Falck.

Frå gruppe C: Anne Hestnes.

gruppe D: Anja Eriksen, Christine Marie Mowinckel Fagg, Jihad Ammar Al-Mahdi.

Arve Kjell Uthaug møtte som referent.

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – Godkjenning av referat frå møtet 2. februar 2022

Godkjent utan merknader.

Instituttleiar legg vekt på at referata skal leggjast ut på nettsidene til instituttet (<https://www.uib.no/fremmedsprak/145579/instituttradet>), og det vil bli orientert om referatet i IF-nytt når det er klart.

Sak 3 – Orienteringssaker

- a) Ny forskingskoordinator ved IF er Laura Saetveit Miles. Benedicte Mosby Irgens held fram to år til som undervisningskoordinator.
- b) Kinesiskfaget markerer den nye mastergraden med kakefeiring 6. april, og instituttet reknar med å ta opp dei første masterstudentane på faget hausten 2023. IF arbeider vidare med å få etablert ein mastergrad i japansk.
- c) Uthaug orienterte om utviklinga i studiepoengproduksjonen ved IF 2019-2021. Det er gledeleg at IF-faga møter interesse i samfunnet omkring og trekkjer til seg fleire studentar. Samstundes er det ei utfordring at instituttet underviser meir enn talet på stillingar tilseier, og ein av konsekvensane er meir bruk av mellombels tilsette.

Sak 4 – Arbeidet med prinsippa for den vitskapelege bemanningsplanen ved HF

Instituttleiar orienterte om prosessen og om synspunkta som er komne inn frå dei ulike faga. Fakultetet vil be om høyringsinnspel frå instituttråda i mai. Dersom høyringsfristen blir lagt før det planlagte instituttrådsmøtet 25. mai, kan det bli aktuelt å flytta møtet fram. I juni skal fakultetsstyret ha saka til drøfting og vedtak.

Johannessen varsla at programstyret for engelskfaget vil drøfta spørsmålet om bruk av lektorar på ny. Det er vidare eit interessant spørsmål korleis ein definerer nasjonale behov for å ha visse fag. Paulsen viste til at dette handla om både samfunnsbehov og om arbeidsdelinga mellom institusjonane, men denne tenkinga er ikkje sett i system. Johannessen meinte det var viktig å formidla at språkfaga er

svært ulike internt, og at det er noko anna å skulla læra eit språk heilt utan førkunnskapar enn å studera engelsk.

Lunde viste til at russiskfaget er imot å bruka lektorstillingar. Ho peikte vidare på at når ein først må telja og registrera arbeidsoppgåver, må det vera breidde i det som blir registrert, og at det ikkje kan vera slik at studiepoeng i praksis er det einaste som tel.

Falck var overraska over at innstillinga til lektorstillingar var så negativ. Hestnes viste til at ting kan endra seg, og at bemanningsplanane ikkje er skrivne i stein. Her må det vera ein viss fleksibilitet, samstundes som den langsiktige planlegginga er viktig. Ein kan ikkje forventa at eit fagmiljø skal jobba dugnad for kanskje å få ei fast stilling ein gong i framtida.

Berg Henjum peikte på at det er vanskeleg å finna fram til gode og dekkjande vurderingskriterium i ein bemanningsplan. Han meinte vidare at ein av farane med å bruka lektorar var at desse lektorane i praksis ville overta undervisninga på 100-nivået. Sjølv om faga burde klara seg utan lektorstillingar, meinte han det var betre å ha lektorar enn å mangla undervisningskrefter.

Paulsen viste til at SV-fakultetet allereie har redusert kriteria i bemanningsplanen sin til tre indikatorar. Eit liknande alternativ kan òg koma opp i diskusjonane ved HF.

Anja Eriksen meinte dugnad ikkje kan fungera i lengda. Det fører til misnøye, overarbeid – og til at folk kan bli utbrende. Fagg meinte bruk av lektorar kunne vera fornuftig for å dekkja undervisningsbehovet.

Hovden spurde om fakultetsleiinga hadde kome med signal på fakultetsleiarkonferansen tidlegare i vår. Instituttet må gjera strategiske val, og har sjølv sagt eit ønske om å få etablert kriterium som gjer at IF kjem godt ut. Paulsen viste til at fakultetet har varsla at institutta må bruka mindre ressursar, og at vi må sjå på korleis vi kan ordna undervisninga betre.

Al-Mahdi spurde om instituttet må redusera studenttalet i framtida dersom vi har for lite ressursar. Ved SV-fakultetet samlar ein store studentgrupper til forelesingar, men det er ikkje sikkert dette fungerer godt til språkundervisning.

Paulsen meinte ein burde fått meir ressursar til undervisning på språkfaga enn ein får til undervisning på store forelesingsfag. HF har dessutan eit stort problem med at studentane tek få studiepoeng. Berg Henjum spurde om fagleg forsvarleg minimum måtta vika for tanken om å tilpassa undervisninga til dei tilgjengelege ressursane.

Sak 5 – Samtale om strategiarbeidet ved instituttet

Det blir arbeidd med ein ny strategi både på sentralt UiB-nivå og ved fakultetet. Instituttet treng òg ein ny strategiplan. Instituttleiinga vil førebu denne saka til neste instituttrådsmøtet, men ønskte tilbakemeldingar frå instituttrådet om strategiprosessen.

Hovden meinte IF måtte prøva å vera synleg i prosessen med strategiarbeidet ved UiB, slik at vi ikkje fell utanfor. Paulsen såg føre seg at instituttet på rådsmøtet i mai bør starta med å evaluera korleis den førre strategien har fungert. Vi treng ein samtale om strategi internt på instituttet som involverer alle ved instituttet.

Lunde meinte det var viktig med prosessar der ting skjer steg for steg, t.d. slik som med bemanningsplanen der faga vart kopla inn i ein delprosess. Paulsen streka under at strategien ikkje berre skal vera eit dokument, men ei felles forståing.

Sak 6 – Ymse

Runa Falck og Erik Hovden tok opp at det var eit etterslep i forskarutdanninga og koordineringa av forskarutdanninga ved instituttet, m.a. når det galdt medarbeidarsamtalar. Paulsen viste til at instituttet no hadde fått på plass ein forskingskoordinator, og oppfølginga av dette feltet vil bli prioritert.

Martin Paulsen
Instituttleiar

Arve Kjell Uthaug
administrasjonssjef